

Jærtun Lutherske Friskule er ein kristen, frittstående, 10-årig grunnskule på Bryne på Jæren. Skulen starta hausten 2001 og har no ca.100 elevar i 1.-10. klasse. Jærtun Lutherske Friskule er oppretta og godkjent som eit kristent alternativ til offentleg skule. Skulen har eit evangelisk-luthersk, bibeltru grunnlag. Sjå elles www.jaertun.no.



Lærarstilling 50-100%

Skulen søker etter lærar som er glad i born og unge og ønskjer å vera med å realisera ein kristen skule. Me arbeider for at elevane våre skal ha ein trygg og god skulekvardag der dei får grundig og solid opplæring. Det kristne fundamentet er viktig ved vår skule.

Skulen vil ha behov for en ekstra lærar frå januar 2024. Fagsamansetning og klassenivå er ikkje avgjerande, men det vil vere ein fordel å kunne ha norsk i barnetrinn. Stillinga er midlertidig og går fram til sommaren 2024. Me ønskjer å kome i kontakt med aktuelle kandidatar så snart som mogleg.

Bruk skulen sitt søknadsskjema og eigen CV. Søknadsskjema kan du lasta ned her.

Tilsetjingsvilkår

Tilsetjing etter gjeldande lover og føresegner. Løns- og arbeidsvilkår som i offentleg skule. Den som vert tilsett må leggja fram politiattest. Søkjarar må aktivt støtta og stå inne for skulen sitt grunnlag og føremål og må kunna gje opplysningar om dette.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til skulen ved rektor, mail: rektor@jaertun.no eller tlf 97 12 37 46.

Send søknad og CV til skulen på e-post: rektor@jaertun.no eller pr post: Jærtun Lutherske Friskule, postboks 61, 4349 Bryne.

NY SØKNADSFRIST: 13.11.2023